

Notat

Går til: Styremedlemmer
 Føretak: Helse Vest RHF
 Dato: 19.09.2007
 Frå: **Administrerende direktør Herlof Nilssen**
 Sakshandsamar: **Ivar Eriksen**
 Saka gjeld: **Oversikt over aktuelle høyringar per 18.09.07**

Styresak 078/07 O

Styremøte 03.10. 2007

Administrerende direktør si orientering pkt 9

Dato for brev	Saka gjeld	Status
16.05.07	Forslag om endringar i ekteskapslova mv – felles ekteskapslov for likekjønnede og ulikekjønnede par	Høyringsfrist 01.09.07. Uttale ikkje gitt.
13.06.07	Forslag til endringar i struktur på abortnemndene. I tillegg til endring i sjølve strukturen, inneberer forslaget også at det berre blir stilt krav om primærnemnd ved dei sjukehus som utfører nemndbehandlande svangerskapsavbrot.	Høyringsfrist 12.09.07. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknader. Uttale sendt 18.09.07. Helse Vest gjev støtte til at ei slik organisering sikrar at prosessen blir ivaretatt på ein heilskapleg måte og samlar ansvaret for dokumentasjon til Abortregisteret. Det er peikt på at færre nemnder vil gje kvar nemnd fleire saker per år og på den måten sikre likebehandling. Ordninga vil gi ei primærnemnd i kvart av dei fire helseføretaka og inneber ingen endring samanlikna med dagens ordning i Helse Vest. Helse Vest er førebels i mot ordninga med sentral klagenemnd og uttaler at dagens ordning med regionale klagenemnder bør oppretthaldast fram til rundskriv 1-4/2006 er evaluert i 2008.
19.06.07	NOU 2007: 6 Formål for framtida – formål for barnehagen og opplæringa.	Høyringsfrist 01.11.07.
23.06.07	Høyringsnotat om endringar i helsepersonellova. Endringa inneber eit forbod mot å lese, ta i mot, søke etter eller på anna måte å tilegne seg, nytte eller ha teiepliktige pasientopplysingar utan at det har eit nærare bestemt formål grunngjeve i tenestelege behov og er i samsvar med lova sine føresegner om teieplikt.	Høyringsfrist 10.09.07. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknader. Uttale sendt 10.09.07. I brevet blir det uttrykt støtte til endringsforslaget og uttala at Helse Vest ser på eit slikt forbod som eit godt bidrag til helseføretaka sitt kontinuerlege arbeid kring informasjonstryggleik.
03.07.07	Forslag til forskrift om behandling av helseopplysingar i nasjonal database for elektroniske reseptar.	Høyringsfrist 03.10.07. Saka sendt Apoteka Vest for utarbeiding av forslag til høyringsuttale.

02.07.07	Forslag om krav til elektronisk kommunikasjon mellom leger og Arbeids- og velferdsetaten. Forslaget inneberer at allmennleger og spesialistar innan 01.01.09 blir pålagt eit rettsleg krav om bruk av elektronisk kommunikasjon ved innsending av krav om direkte oppgjær, sjukmeldingar og legeerklæringar til NAV.	Høyringsfrist 02.11.07.
26.07.07	Forslag om innføring av tidsfristar for krav om universell utforming av IKT i ny diskriminerings- og tilgjengelighetslov.	Høyringsfrist 01.10.07.
13.08.07	Forslag til ny byggherreforskrift.	Høyringsfrist 05.10.07. Saka sendt helseføretaka for innspel og merknader.
15.08.07	Ny forskrift om klinisk utprøving av legemiddel til menneske.	Høyringsfrist 15.11.07. saka sendt helseføretaka for innspel og merknader.
27.08.07	Forslag til endringar i lov om pasientrettar § 2-6 og forslag til forskrift om dekning av utgifter ved pasientreiser for undersøking og behandling.	Høyringsfrist 03.12.07.
04.09.07	Forskrift til den nye offentleglova.	Høyringsfrist 01.11.07 Sjå eige saksførelegg.